

I samband med at NIBIO sender ut pressemelding for driftsgranskingar i jord- og skogbruk for heile landet, vil vi supplere med ein del lokale data for Rogaland og Agder.

Driftsresultatet for jordbruket i Rogaland og Agder 2023

Hovudtendensar

- **Nedgang i jordbruksinntekta på Jæren og i resten av Rogaland og Agder**
- **Auke i førkostnader og renteutgifter**
- **Volumnedgang i grovfôrbaserte produksjonar**
- **Auke i tilskot**

Jordbruksinntekta til jærboendene gjekk ned med 16 prosent frå 2022 til 2023. I gjennomsnitt vart jordbruksinntekta til bøndene på Jæren 462 900 kroner per årsverk i 2023. I resten av Rogaland og Agder gjekk jordbruksinntekta ned med 10 prosent, til 402 900 kroner per årsverk.

Nettoinvesteringane var i gjennomsnitt 229 700 kroner for bruk på Jæren i 2023, 175 800 kroner i Agder og Rogaland andre bygder og 229 800 kroner i gjennomsnitt for landet. Nettoinvesteringane på Jæren har omtrent halvpart seg samanlikna med 2022, då det var svært høge nettoinvesteringar. I resten av Rogaland og Agder var det stor auke i investeringsaktivitet, med ei nettoinvestering på 175 800 kroner i 2023, samanlikna med 33 600 kroner i 2022. På Jæren vart det investert mest i driftsbygningar medan det vart investert mest i maskinar og reiskap i resten av Rogaland og Agder.

For jærboendene var det i snitt stabile husdyrinntekter, men det var stor variasjon for dei ulike driftsformene. Produksjonsinntektene frå gris og fjørfe auka, medan det var negativ utvikling i produksjonsinntektene frå mjølk, storfe og sau, trass i positiv prisutvikling for dei fleste produkta. For resten av Rogaland og Agder vart dei gjennomsnittlege husdyrinntektene redusert med 3 prosent samanlikna med året før. Redusert omsetning av mjølk, kukjøtt og sau- og lammekjøtt førte til reduserte inntekter i begge regionane. Det vart omsett meir storfekjøtt frå kviger og oksar, men redusert marknadsvardi for storfe gjorde at inntekta frå storfekjøtt likevel vart lågare enn året før. For begge regionane var det stor nedgang i produksjonsinntekter frå grovfôr, inklusive balanseendring. Det vart selt mindre grovfôr, og grovfôrlageret vart redusert. Samtidig var det auke i kraftfôrkostnader. Dei totale kostnadene inklusive avskrivningar auka med 5 prosent på Jæren og 10 prosent i resten av regionen. Samla tilskot auka med 13 prosent for Jæren og 21 prosent for resten av Rogaland og Agder. Ein annan viktig faktor som spela inn på resultatet, var auken i renteutgifter. Renteutgiftene auka med 61 prosent på Jæren og 54 prosent i Agder og Rogaland andre bygder frå 2022 til 2023. Når det gjeld arbeidsforbruket var det små endringar frå året før for begge regionane.

Jæren

For mjølkeproduksjonsbruka på Jæren vart jordbruksinntekta redusert med 12 prosent samanlikna med året før, til i gjennomsnitt 418 600 kroner per årsverk. Nedgangen skuldast reduserte husdyrinntekter, auke i faste kostnader og stor auke i renteutgifter.

I gjennomsnitt hadde bruka i denne gruppa 37,3 årskyr, ei auke på 3,1 årskyr frå 2022. Omsett mjølk gjekk ned med 1 prosent til 247 300 liter, medan mjølkekvoten auka med 3 prosent til 276 400 liter. Ytinga per årsku gjekk ned til 7 397 kg. Dette er ein reduksjon på 640 kg samanlikna med året før. Omsett storfekjøtt gjekk opp med 4 prosent frå 2022 til 2023, til 9,1 tonn. Arbeidsinnsatsen auka med 3 prosent, og var på 1,9 årsverk.

Produksjonsinntektene gjekk ned med 1 prosent. Mjølkeprisen gjekk opp med 22 øre per liter for mjølkebruka på Jæren, og var i gjennomsnitt 6,84 kroner. Prisen på storfekjøtt gjekk ned med 0,61 kroner per kg for kukjøtt, og opp med 1,09 kroner per kg for anna storfekjøtt. Dei variable kostnadene gjekk ned med 3 prosent medan faste kostnader inkl. avskrivningar gjekk opp med 6 prosent.

Det var negativ nettoinvestering på 19 800 kroner i gjennomsnitt per bruk i denne gruppa. Dette er ein stor nedgang samanlikna med året før, då det var svært høg nettoinvestering. Det vart investert mest i

jord og veg i 2023. Den samla gjelda var på 4,8 millionar kroner, ein reduksjon på 10 prosent. Rentekostnaden gjekk opp 46 prosent frå 2022 til 2023 trass i nedgang i gjeld.

Bruka med mjølkeproduksjon kombinert med svinehald på Jæren har hatt ein nedgang i jordbruksinntekta på 33 prosent frå 2022 til 2023, til 547 300 kroner per årsverk i 2023. For bruka i denne gruppa var det reduserte inntekter frå mjølk og storfekjøtt, medan det var inntektsauke frå svinehaldet. Kostnadene inklusive avskrivningar gjekk opp med 6 prosent, med størst auke i førkostnader.

Årskutalet auka med 0,8 årskyr til 54,4 årskyr, og ytinga gjekk ned til 8 270 kg per årsku. Det vart omsett i gjennomsnitt 407 500 liter mjølk for 6,75 kroner per liter. Til samanlikning vart det omsett 416 800 liter for 6,83 kroner per liter året før. Omsett storfekjøtt inklusive kukjøtt vart redusert med 885 kg til i snitt 16,7 tonn. Prisane auka med 0,61 kroner per kg for kukjøtt og 1,80 kroner per kg for anna storfekjøtt. Omsett kg slaktegris gjekk ned med 1 prosent medan prisen auka med 3,23 kroner per kg. Det vart selt 25 prosent fleire smågris medan prisen gjekk ned med 36 kroner per selde smågris.

Nettoinvesteringane var i gjennomsnitt 633 800 kroner i 2023, og det vart investert mest i maskinar og reiskap. Gjelda gjekk opp med om lag 1,4 millionar kroner til 13,1 millionar kroner. Arbeidsinnsatsen auka litt, til omtrent 2,8 årsverk i 2023.

Av dei samla inntektene til familien på Jæren, utgjorde driftsoverskotet frå jordbruket 55 prosent i 2023, 10 prosentpoeng mindre enn i 2022. Tilleggsnæringar utgjorde omtrent 4 prosent, og lønsinntekt omtrent 27 prosent. Resten av inntekta er knytt til skogbruk, anna næring utanom bruket, pensjonar og kapitalinntekter.

Samla gjeld auka med 288 400 kroner frå 2022, og var på 7,8 millionar kroner per bruk på Jæren i 2023. Rentekostnaden auka med 135 400 kroner til 358 900 kroner.

Maksimalt jordbruksfrådrag har vore 166 400 kroner sidan 2012. Dette vart auka til kr 190 400 i 2020 og igjen auka til 195 000 i 2022. Frådraget var 195 000 kroner også i 2023. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta for bruka frå Jæren kr 494 100 kroner per årsverk. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget utgjorde 31 200 kroner per årsverk på Jæren. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla frå driftsgranskingane.

Agder og Rogaland utanom Jæren

For mjølkeprodusentane i Agder og Rogaland utanom Jæren, gjekk produksjonsinntektene opp med 9 prosent og kostnadene, inklusive avskrivningar, gjekk opp med 13 prosent. Samanlikna med 2022 vart jordbruksinntekta redusert med 51 600 kroner til 348 600 kroner per årsverk i 2023. Inntekter frå kukjøtt gjekk ned, medan inntekter frå mjølk og anna storfekjøtt gjekk litt opp og tilskota auka. Årskutalet gjekk opp med 0,1 til 28,2 årskyr. Ytinga per årsku auka til 7 560 kg, og omsett mjølk gjekk opp med 1 150 liter til 190 400 liter.

Mjølkeprisen gjekk opp med 3 øre til 6,37 kroner per liter. Produksjon av storfekjøtt gjekk opp med 25 prosent til 7,99 tonn i 2023. Prisen på kukjøtt gjekk opp med 1,71 kroner til 59,88 kroner per kg, medan prisen på anna storfekjøtt gjekk opp med 2,84 kroner til 66,71 kroner per kg.

Arbeidsinnsatsen var om lag uendra, og utgjorde 1,9 årsverk i 2023. Nettoinvesteringa var i gjennomsnitt 409 400 kroner i 2023. Dette er ei stor auke frå 2022 då nettoinvesteringa var 76 400 kroner. Det vart investert mest i maskinar og reiskap blant bruka i denne gruppa. Samla gjeld auka med 20 prosent og var på 5,98 millionar i middel per bruk. Rentekostnadene gjekk opp med 69 prosent, til 271 500 kroner.

Jordbruksinntekta for bruk med ein-sidig sauehald i Agder og Rogaland andre bygder gjekk ned samanlikna med 2022. Jordbruksinntekta var på 175 000 kroner per årsverk, som er ein nedgang på 31 300 kroner. Produksjonsinntektene auka med 5 prosent som følgje av at auken i tilskot var større enn nedgangen i inntekta frå husdyr- og planteprodukt. Det var størst auke i kulturlandskapstilskot og beitetilskot. Kostnadsauken, inkludert avskrivningar, var på 10 prosent, med størst auke for gjødselkostnader og leasing.

Tal vinterfôra sauer gjekk ned med 7 prosent til 143 vinterfôra sauer frå 2022 til 2023. I tillegg gjekk omsett sau- og lammekjøtt ned med 12 prosent, til i alt 4,5 tonn. Prisen for sauekjøtt var i snitt 26,87 kroner per kg, medan prisen på lammekjøtt låg på 66,27 kroner per kg. Dette var ein prisreduksjon på 5 prosent for sauekjøtt og prisauke på 5 prosent for lammekjøtt. Dei variable kostnadene auka med 8

prosent, medan dei faste kostnadene inklusive avskrivningar gjekk opp med 11 prosent. Arbeidsinnsatsen auka litt samanlikna med 2022, og utgjorde 1,1 årsverk i 2023.

Det var negativ nettoinvestering på 40 700 kroner i snitt per bruk, med størst investering i maskinar og reiskap. Gjelda vart redusert med 1 prosent til 2,07 millionar, medan rentekostnaden gjekk opp med 40 prosent til 92 600 kroner.

Produksjon av storfekjøtt, enten med ammekyr eller på innkjøpte kalvar, oppnådde ei jordbruksinntekt per årsverk på kr 246 700 i 2023. Samanlikna med året før gjekk jordbruksinntekta ned med 33 prosent. Produksjonsinntektene gjekk ned med 5 prosent som følgje av nedgang i omsetning av grovfôr og nedgang i verdien av buskap. Tilskota auka med 14 prosent. Variable kostnader auka med 22 prosent, med størst auke i førkostnadene.

Det vart levert 4 240 kg storfekjøtt i snitt på desse bruka i 2023. Prisen på kukjøtt gjekk opp med 0,21 kroner per kg, medan prisen på anna storfekjøtt gjekk opp med 1,78 kroner per kg. Arbeidsinnsatsen auka litt, til 1,1 årsverk. Nettoinvesteringa auka med 79 700 kroner samanlikna med året før, og låg på 220 100 kroner per bruk. Det vart investert mest i driftsbygningar. Gjelda vart redusert med 6 prosent og var i snitt 3,06 millionar, medan rentekostnaden auka med 36 prosent til 119 600 kroner.

Driftsoverskotet frå jordbruket utgjorde 44 prosent av familiens samla inntekter i gjennomsnitt for alle bruka frå Agder og Rogaland andre bygder. Tilleggsnæringar utgjorde 9 prosent, og lønsinntekt utgjorde 34 prosent av familiens samla inntekter. Resten av inntekta er knytt til skogbruk, anna næringsinntekt utanom bruket, pensjonar og kapitalinntekter.

Samla gjeld gjekk opp med 8 prosent frå 2022 til 2023, til 4,7 millionar kroner i Agder og Rogaland andre bygder. Rentekostnadene gjekk opp med 54 prosent til 209 440 kroner.

Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta for bruka frå dei andre bygdene i Rogaland og Agder 439 900 kroner per årsverk. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget utgjorde 37 000 kroner per årsverk.

Jordbruksinntekt er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen per årsverk, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruka.

Skattefordel for bønder er skattelette i form av eit ekstra jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. Det blir rekna ein inntektsverknad av skatteletten tilsvarande den inntekta ein må ha for å oppnå same kjøpekraft som skatteletten genererer.

Nettoinvestering er nyanlegg minus avskrivningar, fråsal og investeringstilskot.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er basert på eit tilfeldig utval av bruk frå heile landet. I 2023 var det i alt 938 bruk med i driftsgranskingane. Bruka frå Rogaland og Agder vert delte inn i to regionar, «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder». Årsaka er at Jæren har betre grunnlag for jordbruksproduksjon enn resten av Rogaland og Agder. I alt var det med 65 bruk frå Jæren og 91 bruk frå resten av Rogaland og Agder-fylka. Utvalet av bruk som deltek, skal vere representativt for regionen.

Alle dei presenterte resultatane er gjennomsnittstal frå større grupper av bruk. Mindre grupper er ikkje presenterte, men er med i gjennomsnittstala. Det er stor spreiding i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Gjennomsnittstala for dei 156 bruka i Agder og Rogaland gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket har vore.


Samla oversikt for 2023

| | Tal bruk | Inn- marks-areal | Driftsoverskot per bruk | | Jordbruksinntekt per årsverk | | Skattekorrigert vederlag per årsverk | | |
|--------------------------|--------------------|------------------|-------------------------|-----------|------------------------------|---------|--------------------------------------|---------|---------|
| | | | 2022 | 2023 | 2022 | 2023 | 2022 | 2023 | |
| Rogal./Agder, alle | 156 | 388 | 845 000 | 769 500 | 497 200 | 431 200 | 531 600 | 465 400 | |
| Jæren | Jæren, alle | 65 | 1 089 040 | 956 700 | 553 900 | 462 900 | 584 100 | 494 100 | |
| | 200-300 daa | 12 | 999 600 | 786 600 | 575 900 | 429 700 | 609 800 | 462 300 | |
| | 300-500 daa | 16 | 835 100 | 739 100 | 461 100 | 364 100 | 495 500 | 401 000 | |
| | >500 daa | 21 | 1 424 500 | 1 155 800 | 557 900 | 410 700 | 581 700 | 434 800 | |
| | Mjølkk | 11 | 360 | 829 000 | 769 400 | 476 900 | 418 600 | 513 500 | 455 600 |
| | Mjølkk/gris | 10 | 585 | 2 034 900 | 1 514 200 | 813 200 | 547 300 | 839 800 | 571 700 |
| Andre bygder | Andre bygder, alle | 91 | 669 600 | 635 700 | 439 100 | 402 900 | 477 300 | 439 900 | |
| | 100-200 daa | 11 | 251 200 | 259 400 | 261 200 | 291 900 | 308 400 | 336 600 | |
| | 200-300 daa | 21 | 337 500 | 398 900 | 283 000 | 303 200 | 327 400 | 347 700 | |
| | 300-500 daa | 28 | 698 900 | 638 600 | 442 700 | 389 900 | 481 500 | 427 800 | |
| | >500 daa | 24 | 717 | 1 147 000 | 1 038 400 | 555 626 | 472 400 | 588 900 | 504 100 |
| | Mjølkk | 29 | 445 | 697 600 | 676 800 | 395 600 | 348 600 | 431 700 | 384 700 |
| Agder og Rogaland bygder | Ammekku | 11 | 285 | 375 900 | 255 700 | 367 100 | 246 700 | 425 600 | 295 600 |
| | Sau | 17 | 266 | 189 100 | 154 700 | 206 300 | 175 000 | 247 200 | 212 400 |

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per. årsverk er definert som løn til alt arbeid og rente på egenkapitalen

Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar i perioden 2014–2023, i 2023-kroner



For fleire opplysningar, kontakt NIBIO Bergen ved:

Førstekonsulent Grete Helland, 403 24 767

Seniorrådgjevar Torbjørn Haukås, 476 58 552/992 61 920

E-post : bergen@nibio.no

Internett : www.nibio.no